

Kommunestyret i Ulstein

Flø Grendalag
Fløvegen 779
6065 Ulsteinvik

Flø 24. mars 2022

Uttale frå styret i Flø Grendalag i samband med forslag om å legge ned Ulstein skule

Til kommunestyret ang. innsparingsforslag i drifta av kommunen.

Styret i Flø Grendalag viser til forslaget om å legge ned Ulstein skule og vil gjenta nokre av argumenta vi påpeika i førre runde av denne saka.

Noko av det viktigaste, meiner vi er at avgjerala blir teke på eit fagleg godt dokumentert grunnlag som tek omsyn til alle effektar ved ei slik strukturendring, ikkje berre dei økonomiske effektane på kort sikt.

Vi meinar Ulstein skule har kvalitetar som det er verdt å ta vare på, både når det kjem til storleik og eit romleg uteområde med nærleik til fjell og fjøre. Vi meinar Ulstein skule tilbyr eit godt skolemiljø og tryggleik for elevane. I fylje utdanningsforbundet viser forsking at klasser på kring 15 elevar skapar best læremiljø. Vi meinar det er best moglegheiter til å sikre eit slikt nivå på skuleklassene i Ulstein kommune ved å behalde Ulstein skule. Vi er og uroa over kva ei skulenedlegging vil føre til når det gjeld kapasitet ved sentrumsskulen. Vi ynskjer gode oppvekstvilkår i heile kommunen!

Å legge ned Ulstein skule er sjølv sagt eit därleg signal å sende til potensielle tilflyttarar til krinsane. At denne saka kjem opp igjen fleire gongar skapar og unødig uro for mange barnefamiliar som vurderer å busetje seg i krinsen eller søkje sine born til skulen, då dei er uro for at borna må bytte skule i skuleløpet. Ulstein kommune reklamerar med eit nærmiljø med barneskule på sine nettsider for tomtene på Skeide, «...eit triveleg nærmiljø med barneskule. Her vert det flott å bygge og bu!»

Grendalaget har god tru på at det nye byggefeltet på Skeide vil trekke til seg fleire barnefamiliar, som igjen vil føre til fleire elevar ved Ulstein skule. Vi trur og Ulstein og Flø vil kunne vere meir attraktive for barnefamiliar dersom vi får behalde nærskulen vår. Tidlegare berekningar tilseier at det kjem fem nye elevar på kvart trinn som følgje av nye bustader i skulekrinsen, og i den samanheng er det verdt å nemne at det ved Ulstein skule er gode moglegheiter til å utvide i framtida.

Flø. 23.03.2022

Grendalaget påpeiker igjen at ein bør vurdere endringar/flytande grenser mellom krinsane for å utnytte alle skulane i kommunen best mogleg. For elevar frå Reiten-sentrum vest vil det til eksempel berre vere drygt 2 til 2,5 kilometer til Ulstein skule, som gjer at kapasiteten her kan nyttast, om sentrumsskulen har lite plass. Her vil det også vere trygg skuleveg/gangveg heile vegen til skulen.

Helsing styret i Flø Grendalag